

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 25/00708-3
Saksbehandler Hilde Stuestøl Berg

Revidering av forskrift om vass- og avløpsgebyr i Åseral kommune

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for drift og utvikling	22.04.2026	18/26

Hovudutval for drift og utvikling har behandlet saken i møte 22.04.2026 sak 18/26

Møtebehandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Hovudutval for drift og utviklings vedtak

Lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Åseral kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Frist for innspel er 22.05.2026.

Revidering av forskrift om vass- og avløpsgebyr i Åseral kommune, offentleg ettersyn**Kommunedirektøren si innstilling:**

Lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Åseral kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Frist for innspel er 22.05.2026.

Vedlegg

Gjeldande forskrift for vass-og avløpsgebyr for Åseral kommune
Forslag til forskrift om vass- og avløpsgebyr for Åseral kommune

Saka kort fortalt

Gjeldande lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr (VA) i Åseral kommune vart vedteken i 2016. No er det kome ny lov som forskrifta må heimlast i. Vi nyttar samstundes høve til å gjere små endringar for å tilpasse forskrifta til gjeldande praksis.

Bakgrunn

Miljødirektoratet sendte 05.12.2025 ut informasjon til alle kommunane om at det er vedteken ny lov om vass- og avløpsgebyr, og at lokale gebyrforskrifter for VA gebyr må heimlast i ny lov.

Sidan forskrifta må opp til ny handsaming, nyttar vi høve til å gjere nokre små endringar. Dette består i språklege endringar og endringar som følger etter endringar i dataprogrammane som vi nyttar i kommunen.

Dei vesentleg endringane er:

- Vi har teke inn eit gebyr som kan nyttast der abonnenten i fleire år unnlèt å sende inn målarstand på vassmålaren. Kommunen kan krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunen sine kostnader ved å sjølv lese av målaren.
- Bestemmingar om at abonnenten kan velgje opp til 12 terminar for faktura.

Vurdering

Kommentar på endringane som er føreslått:

Vi har abonnentar som ikkje les av vassmålaren mange år på rad. Forbruket blir då stipulert. Dersom dette vert gjort mange år på rad, vil ein for eksempel ikkje kunne fange opp unormalt forbruk som følgje av lekkasje. No har vi lagt inn heimel til at kommunen kan fakturere for sine faktiske utgifter dersom kommunen må lese av målaren i eigen regi.

Tidlegare kunne ein ikkje velje om dei ville ha faktura for kommunale avgifter to eller fleire gonger per år. Då fekk alle to fakturaer i året. No kan abonnentane velgje mellom å få avgifta fordelt på 2 eller 12 fakturaer per år. Dette var ikkje teke inn i forskrifta før no.

Andre endringar er rydding i forskrifta og språklege endringar.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår å legge ut forslaget til revidert forskrift for vass- og avløpsgebyrer til offentlig ettersyn. Sidan det er lagt opp til få endringar i forslaget, vert innspelsfristen sett til ein månad.

RETT UTSKRIFT
DATO 23.april.2026